

Vedtekter for kommunale barnehagar

Del 1. FORMÅL OG ORGANISASJON

1.1 Formål

a. Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta born sine behov for omsorg og leik, og fremja læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal byggja på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn som er forankra i menneskerettane.

b. Barnehagen skal vera ei pedagogisk verksemd. Barnehagen skal møte borna med tillit og respekt og anerkjenna barndomen sin eigenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i leik og læring, og vera ein utfordrande og trygg stad for fellesskap og venskap. Barnehagen skal fremja demokrati og likestilling og motarbeida alle former for diskriminering.

1.2 Born sin rett til medverknad

Born har rett til å uttala seg om det som vedkjem dei, og skal ha høve til å ta del i det som omfattar livet deira i barnehagen. Det skal leggjast vekt på born sine synspunkt i samsvar med alder og modning.

1.3 Organisasjon

Dei kommunale barnehagane blir drivne i samsvar med lov om barnehagar, vedteken rammeplan for barnehagar og gjeldande departementale forskrifter og retningsliner, kommunale vedtak og planar gjeldande den einskilde barnehage.

Kvam herad har ansvar for utbygging og drift av barnehagane i heradet jf. § 7 i lov om barnehagar. Den daglege drifta er delegert til rådmannen.

Barnehagane skal ha eit samarbeidsutval (SU) og eit foreldreråd, jf. § 4 i Lov om barnehagar og forskrifter. SU skal vera eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ. SU består av føresette og tilsette i barnehagen, der kvar gruppe er likt representert. Det er foreldrerådet som vel foreldrerepresentantar til SU, og dei tilsette som vel sine

representantar. Styrar i barnehagen har ikkje stemmerett. Styrar si oppgåve er å kalla inn, skriva referat og vera møteleiar.

Det er vanleg at det sit to representantar frå kvar gruppa i SU. Dersom barnehagen er liten, er det vanleg at det er ein representant frå kvar gruppa. Barnehagen sin eigar kan delta etter eige ynskje, men ikkje med fleire representantar enn kvar av dei andre gruppene. Eigarrrepresentanten har stemmerett.

1.4 Eigartilhøve

Kvam herad driv kommunale barnehagar i eigne lokale. Heradsstyret har det overordna ansvaret for å skapa gode rammevilkår for barnehagane.

1.5 Opptaksmynde

Førerett til plass i barnehage er fastsett i vedtektene del 2 Samordna opptak. Rådmannen er opptaksmynde.

Det er eitt hovudopptak i året etter fastsette retningsliner, jf. vedtektene del 2 Samordna opptak.

Enkeltvedtak som gjeld førerett kan føresette klaga til Klagenemnda. Klagen skal sendast til Kvam herad innan 3 veker frå motteke brev, jf. § 28 i forvaltningslova.

1.6 Opptaksperioden

Opptaksperioden går frå barnet får plass og fram til 30. juni det året barnet skal ta til på skulen.

1.7 Opptakskrinsar

Kommunen er ein opptakskrins. Private barnehagar er gjennom ei samordning av opptaket ein del av opptakskrinsen. Kommunen skal i størst mogleg grad tilby søkjar plass i den barnehagen det blir søkt plass i, og tildelinga skal sjåast i samanheng med gruppesamansetjing og nærleik til heimen. Dersom det ikkje er mogleg å tilby plass i den barnehagen det er søkt om, kan kommunen tilby plass ved ein annan barnehage i kommunen.

1.8 Opningstida

Opningstida i barnehagane blir fastsett av styrar i samråd med leiar for barnehage og SU. Barn si opphaldstid i barnehagen skal ikkje overskrida 9 timar per dag.

1.9 Leike- og opphaldsareal

Leike- og opphaldsareal følgjer rettleiande normer frå Kunnskapsdepartementet sine merknader til barnehagelova.

1.10 Eining/plass

Barn vert rekna som 3 år frå nytt barnehageår i august. Born under 3 år svarar til 2 einingar.

1.11 Fleire born enn arealet tilseier

Styrrar, i samråd med verneombod, SU og leiar for barnehage, avgjer om det skal vera fleire born i barnehagen enn arealet tilseier. Det må her takast omsyn til alderen på borna, fysiske rammer og eventuelt andre forhold.

1.12 Planleggings- og kursdagar

Barnehagane blir stengde 7 dagar i løpet av barnehageåret. Desse dagane går til planlegging, samarbeid og kompetanseutvikling for personalet, jf. arbeidsavtale for personalet. (SFS nr. 2201, 3.4.).

Del 2. SAMORDNA OPPTAK

2.1 Retningslinjer for opptak

a. Ved hovudopptaket gjeld lovfesta rett til barnehageplass (jf. Lov om barnehagar § 16). Det betyr at born som har fylt eitt år innan utgangen av november det året det vert søkt om barnehageplass, og som søker innan fristen for hovudopptaket, skal ha rett til barnehageplass i Kvam herad frå nytt barnehageår i veke 32. Barn kan tidlegast byrja i barnehagen den månaden det fyller 1 år. Søknadsfristen er 1. februar.

b. Opptakskriterier etter følgjande prioritering:

- Lovpålagte kriterier:
 - Born med nedsett funksjonsevne (Jf. § 18 i lov om barnehagar).
 - Born med vedtak etter lov om barnevernstenester §5-1 fyrste ledd bokstav a-d, §3-1 og §3-4 fyrste ledd bokstav b.

 - Kommunale kriterier:
 - Minoritetsspråklege born med foreldre som føl introduksjonsprogrammet. Krav til dokumentasjon.
 - Barn med familiar som har store belastningar på grunn av sjukdom eller funksjonshemming hjå føresette eller sysken. Med sjukdom er det meint alvorleg og varig sjukdom hjå barnet sine føresette eller sysken. Krav til skriftleg dokumentasjon frå lege og/ eller medisinsk institusjon.
 - Året før skulestart.
 - Ved tildelt plass har born med søsken i barnehage førerrett til plass i den barnehagen søsken går i. Dersom det ikkje er areal til fleire barn i den aktuelle barnehagen blir det gjeve tilbod der det er ledig plass.
 - Eldre barn blir prioriterte framfor yngre barn.
- Kommunen skal i størst mogleg grad tilby søkjar plass i den barnehagen det blir søkt plass i, og tildelinga kan sjåast i samheng med gruppesamansetjing og nærleik til heimen (del 1 pkt 7).
- Fleirlingar skal til vanleg bli vurdert saman ved opptak.

d. Kvam herad har hovudopptak med søknadsfrist 1. februar. Det vert gjort suppleringsopptak gjennom året så lenge det er ledig plass.

e. Born som søker plass utanom hovudopptaket vert sett på venteliste til nytt opptak.

f. Rådmannen avgjer om heradet kan gje førerrett til plass i barnehage i samband med rekruttering til stillingar der heradet har vanskar med å skaffa kvalifisert personale.

g. Dersom føresette takkar nei til plass på 1. ønskje, blir søknaden sletta frå ventelista, og ny søknad må eventuelt sendast. Takkar ein nei til ein av dei andre ønskja, blir søknaden ståande på ventelista til 1. ønskje.

2.2 Søknad

- Søknadsfrist 1. februar til hovudopptaket for tildeling av plass frå nytt barnehageår i august.
- Alle søknader må sendast elektronisk via kommunen si heimeside.
- Føresette skal søkja om plass i 2 barnehagar, der ein prioriterer etter ønskje.
- Svar på motteke plass må skje skriftleg innan 2 veker frå tildelingsbrevet vert sendt ut.
- Søkjarar som ikkje får 1. og 2. ønskje oppfylt, kan krevja at avslaget blir grunngjeve skriftleg. Søknadsskjemaet finn ein på Kvam herad sine nettsider.

2.3 Størrelse på plass

Ved søknad om barnehageplass kan ein søkja om heil eller halv plass, 100 % eller 50 %. Dei halve plassane blir som hovudregel delt mellom dagane måndag og onsdag og annakvar fredag eller tysdag og torsdag og annakvar fredag. Ved opptak vil søknad om 5 dagars plass gå føre søknad om færre dagar ved elles lik søknadskriterier.

Styrrar kan dispensera frå 100 % plass, under føresetnad av at den ledige plassen vert fylt opp.

2.4 Opplysningar til søkjar

Søkjar har rett på opplysningar om talet på søkjarar til barnehagen, aldersfordeling og korleis grupperinga er i høve til opptakskriteria.

Del 3. FORELDREBETALING

Barnehagane følgjer forskrift om foreldrebetaling i barnehagar, og nyttar dei betalingsattsane som blir fastsett av heradsstyret.

Betalinga gjeld frå den dato barnet startar (inkludert tilvenjing) og fram til oppseiingsdato. Før skulestart er siste betalingsdag 30. juni. Viss born som skal over i skulen nyttar dagar i juli, må det betalast ekstra. Born som skal starta på skulen vil ikkje få tilbod etter ferien. Betaling for barnehageplass skjer forskotsvis med forfall fyrste dag i kvar månad. Foreldre/føresette betalar for 11 månadar. Juli er betalingsfri.

A. Ved for sein betaling vert det etter minimum 2 – to – veker sendt eit fyrste purrebrev frå Kvam herad v/ økonomikontoret. Det skal nyttast satsar for purregebyr og forseinkingsrente som vert fastsett i det årlege gebyrheftet i kommunen.

Etter 2 – to – månadar seier Kvam herad opp plassen gjeldande frå 1. i månaden etter. Økonomikontoret sender varsel om inkasso ved manglande betaling. Vidare krav blir innfordra ved tvang. Ny barnehageplass eller plass i SFO blir ikkje tildelt før barnehageavgifta er betalt, eller det føreligg ei betalingsordning økonomisjefen kan godkjenna.

B. Foreldrebetalinga kan bli redusert til 50 % dersom barnet samanhengande er borte frå barnehagen meir enn ein måned på grunn av alvorleg sjukdom. Dette må dokumenterast med legeattest. Den første fråværs månaden, rekna frå den dagen søknaden er motteken, blir likevel betalt etter vanlege satsar.

C. Ved ekstraordinær stenging i heile dagar blir det gjeve prisavslag tilsvarande 100 % reduksjon av dagbetalinga.

D. Det vert gjeve søskenmoderasjon etter reglar gjevne av heradsstyre i samband med årleg budsjettvedtak. Moderasjonen blir gjeven for det barnet som har lågast månadsatts. Søskenmoderasjon for barn som ikkje er søsken, men bur i same hushald, kan bli gjeven etter særskild søknad.

E. Barnehagane i Kvam skal krevja eit gebyr på kr. 250,- kvar gong føresette hentar barn etter stengetid, dvs. at barna må vera ute av lokala før stengetid.

F. Redusert betalingsevne.

Kvam herad følgjer dei moderasjonsordningar som er fastsett i forskrift om foreldrebetaling i barnehagar. [Redusert foreldrebetaling - Kvam herad \(www.kvam.no\)](http://www.kvam.no)

Del 4. ENDRING OG OPPSEIING AV BARNEHAGEPLASS

4.1 Permisjon frå barnehageplassen

Oppvekstsjefen i samråd med styrar, kan gje permisjon frå barnehageplass ved brå endring i barnet sin livssituasjon. Permisjon etter desse vilkåra blir gjeve etter skriftleg søknad frå føresette og med dokumentasjon. Frå den dagen søknaden blir motteken, og heile påfølgjande måned blir det likevel krevd betaling etter vanlege satsar.

4.2 Dagopphald

For born med redusert plass blir det til vanleg ikkje gjeve høve til dagopphald ved dei

kommunale barnehagane. I særskilde høve kan styrar i barnehagen gjera unntak frå denne regelen. Kostnad for dagopphald blir fastsett av rådmannen.

4.3 Reduksjon

Reduksjon av barnehageplass kan ein få innvilga etter søknad. Føresette må betala for opphavleg barnehageplass den månaden dei seier opp og for tre heile påfølgjande månader. Dersom barnehagen kan ta inn nytt barn før perioden har gått, kan reduksjon bli innvilga tidlegare, men ikkje før den datoen det blir betalt for nytt barn.

4.4 Oppseiing

Ved oppseiing av barnehageplass må det betalast for den månaden styrar har motteke skriftleg oppseiing og for tre påfølgjande månader. Dersom barnehagen tek inn eit nytt barn før det har gått tre månader kan oppseiingstid påfølgjande kortast ned.

Kvam herad kan seia opp barnehageplassen ved manglande foreldrebetaling jf. pkt. IV.

Oppseiing skal sendast elektronisk via søknadsportalen. [Kvam herad \(www.kvam.no\)](http://www.kvam.no)

Del 5. FERIE

Barnet skal ha minst 4 veker ferie i løpet av barnehageåret, der 3 av vekene må vera samanhengande. Frist for å melde inn den fjerde ferieveka er 15.04. Barnehagane er stengt veke 28, 29 og 30.

Del 6. MELDING OM HELSA TIL BARNET

Føresette pliktar å gje barnehagen naudsynt informasjon om tilhøve ved barnet si helse som tilsette må ta særskilt omsyn til. Informasjonen blir arkivert i barnet si mappe.

Del 7. INTERNKONTROLL- SYSTEMET I BARNEHAGEN

Barnehagane følger lov og forskrift for internkontroll i Kvam herad tilpassa den enkelte barnehage. IK-handboka og handbok for miljøretta helsevern i barnehage og skule (MHBS).

Del 8. VEDTEKTSENDRINGAR

Rådmannen har fullmakt til å gjera endringar i vedtektene som følgje av statlege pålegg/endringar i regelverk.